Instruksens formål er å sikre at det gjennomføres kontrollaktivitet som avklarer om den faglige utførelsen av oppgavene ved skatteoppkreverkontoret følger lover, forskrifter, instrukser og regelverk for øvrig. Instruksen skal også sikre at skatteoppkreverne gis pålegg der den faglige utførelsen ikke er tilfredsstillende, og at pålegg og anbefalinger følges opp.

### 1 Kontrollens omfang og formål

Kontrollen har omfattet følgende hovedområder:

- skatteregnskapet
- innkrevingsarbeidet

Skattekontoret har begrenset kontrollen til å gjelde utvalgte områder innenfor det enkelte hovedområdet.

### 2 Oppfølgning av pålegg og anbefalinger fra kontorkontroller

Det er ikke gitt pålegg og anbefalinger ved gjennomførte kontorkontroller.

| Postadresse | Besøksadresse | Sentralbord |
| --- | --- | --- |
| Postboks 2060 | Se www.skatteetaten.no eller ring gratis 800 80 000 | 800 80 000 |
| 6402 Molde | Org. nr: : 991733116 | Telefaks |
| skattmidt@skatteetaten.no | | 71 19 51 01 |

# 3 Oppfølgning av pålegg og anbefalinger fra tidligere kontroller

Tidligere pålegg og anbefalinger er fulgt opp av skatteoppkreveren.

# 4 Pålegg og anbefalinger som følge av denne stedlige kontrollen

## 4.1 Pålegg

Pålegg gis når kontrollen avdekker brudd på lover, forskrifter, instrukser og regelverk for øvrig. Påleggene er enten krav om at eksisterende forhold skal rettes, eller om at kontorets praksis må endres fra nå. Det forventes at skatteoppkrever innretter seg etter påleggene innen fristene som gis.

Skatteregnskapet:

### 4.1.1 Ajourhold

Instruks om føring av skatteregnskapet 18. desember 2008, §§ 3 og 5 stiller krav til ajourhold. Skatteoppkreveren skal sørge for at regnskapet gir uttrykk for riktig mellomværende med skattyterne og arbeidsgiverne og er ført nøyaktig og er ajour.

Ved kontrollen ble det avdekket et tilfelle hvor fastsettelse av arbeidsgiveravgift, tilleggsavgift og renter ikke var opprettet med krav i SOFIE på korrekt måte. Saken gjelder aktoid. 8892458 for inntektsåret 2005, og kravets størrelse ut fra vedtak fra skattekontoret datert 28.01.2009 utgjør i alt kr 49 107. Eventuell renteberegning skal foretas med utgangspunkt i skattekontorets vedtaksdato, jfr. skattebetalingslovens § 11-2, 2. ledd.

Vi pålegger skatteoppkreveren å følge instruksens krav til ajourhold, slik at nevnte krav så snart som mulig opprettes på nytt i SOFIE og blir effektuert på riktig måte og med korrekt beløp, herunder at avsavnsrente beregnes på korrekt måte.

## 4.2 Anbefalinger

Skattekontoret kan etter instruksen også gi anbefalinger om forhold ved skatteoppkreverkontoret som er mangelfulle. Ved vårt besøk fremkommer forhold som vi mener bør forbedres.

Skatteregnskapet:

### 4.2.1 Ajourhold

Instruks om føring av skatteregnskapet 18. desember 2008, §§ 3 og 5 stiller krav til ajourhold. Skatteoppkreveren skal sørge for at regnskapet gir uttrykk for riktig mellomværende med skattyterne og arbeidsgiverne og er ført nøyaktig og er ajour.

<u>Oppfølging konvertering:</u>
Vi har sett på KASPER-rapport "Verifikasjon av reskontro avregning detaljer". For inntektsåret 2002 er saldo til SOFIE for to aktører for inntektsåret 2002 blitt feil.

Ved gjennomgang av skatteoppkrevers dokumentasjon for aktoid. 1166974 viser det seg at privat arbeidsgiver har innberettet lønn og skattetrekk med korrekt beløp, og at dette er lagt til grunn av skattekontoret. Den gjennomførte ligning og avregning er derfor riktig, og forskuddstrekk kr 11 794 som ble overført som saldo til SOFIE ved konverteringen er feil.

For aktoid. 4327605 viser gjennomgang av endelig avregning for inntektsåret 2002 at vedkommende er lignet for riktig inntekt og at innbetalt forskuddsskatt kr 35 000 er tatt hensyn til ved avregningen. Forskuddsskatt kr 35 000 som ble overført som saldo til SOFIE ved konverteringen er derfor feil.

Skatteoppkrever anbefales å foreta nødvendig korrigering i SOFIE for disse to aktørene.

## 5 Skatteoppkreverkontorets tilbakemelding på rapporten

Dersom noe er uklart eller misforstått fra vår side, eller det er andre spørsmål til rapporten, kan henvendelser rettes til undertegnede.

Vi ber om skriftlig tilbakemelding på de tiltak skatteoppkrever vil iverksette vedrørende pålegg og anbefalinger som er gitt i rapportens punkt 4. Tilbakemeldingen imøteses innen 19. januar 2010, og vi ber om at den merkes med saksnummer 2009/994868.

Vi takker for god hjelp i forbindelse med vårt kontrollbesøk og håper på et fortsatt godt samarbeid.

Med hilsen

Stein-Ove Hjortland
underdirektør
Avdeling for innkreving
Skatt Midt-Norge

John Østhus
revisor

**SKODJE KOMMUNE**
**ADMINISTRASJONEN**

# Notat

*Sak:* **Biloppsamlingsplass**

*Til:* Rådmannen

*Frå:* Frode Helland, leiar

*Kopi til:*

| Sak- /dok.nr. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 09/231-9 | K24 | 08.10.2010 |

## GNR. 18 BNR. 23 BILOPPSAMLINGSPLASS

Statusrapport pr. 08.10.10

Eigedomen gnr. 18 bnr. 23 er ein del av eit større industriområde i Furlia. Arealet på parsellen er om lag 9 da. og den ligg like sør for Fv 104.og lengst aust på næringsområdet. Eigedomen har vore nytta til industriføremål som mekanisk industri og lagerlokaler. Eigar av parsellen er Frank Holmeset , 6265 Vatne.

På eigedomen er det lagra eit utall biler, hengere i alle slags tilstander.

Rådmannen har tilskrevet Frank Holmeseth , utan at vi får svar på brev . Vi har etter gjentatte forsøk kome i samtale med Holmeseth , og også avtalt tidspunkt for befaring på eigedommen. Dessverre har han ikkje møtt som avtalt , men tatt kontakt pr. telefon.

Vi har forklart eigar at han må ta ein viss opprydding, og at kommunen vil definere vilke krav vi skal stille i forhold til forureiningslova . Spesielt at alt som er miljøskadelig vert fjerna omgåande og likeså det som har vore lagra inn mot vegkryss mot fylkesvegen og er sikthindrande.

Skodje kommune har ikkje hatt ressurser til å følgje opp saka på andre måter enn å prøve å få til ein dialog med eigar av eigedomen og ein felles forståing av kva som skal gjerast. I samtale med Holmeseth seier han at det skal ryddast opp ,men han meiner også å ha rett til å ha ting ståande på eigedommen.

**SKODJE KOMMUNE**
**ADMINISTRASJONEN**

# Notat

*Sak:* **VOI**
*Til:* Kontrollutvalet
*Frå:* Bente Glomset Vikhagen,
*Kopi til:*

| Sak- /dok.nr. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 06/866-51 | 033 | 04.11.2010 |

## INFORMASJON OM SAK 05/10 VOI TIL KONTROLLUTVALET

Viser til vedtak i kontrollutvalet 17. 03. 2010 om å få framlagt prosjektrekneskap frå Skodje kommune sitt rekneskap.

*Rekneskapet bør innehalde opplysningar om følgjande:*

*Inntekter:*
*Inntekter frå Norad*
*Andre inntekter*

*Kostnadar:*
*Vikarar (vikarbehov som oppstår pga. bruk av arbeidstid eller opparbeidd avspasering)*
*Reisekostnadar ( direkte kostnadar og reiseregulativ)*
*Andre lønnskostnadar (administrasjonen* sin del)
Andre kostnadar

**Inntekter**

Skodje kommune har to internasjonale prosjekt:

**1: MIC**

Inntektene/ prosjektmidlane frå Norad er på kr 400 000 per prosjektår. Desse vert overført frå KS, via Skodje kommune til Voi på bakgrunn av godkjent prosjektplan. Midlane dekkjer all aktivitet i samband med MIC prosjektet og vert ført på eige prosjekt i Skodje kommune sitt rekneskap ( jmf. tidlegare oversendet informasjon)
Midlane dekkje ikkje administrative kostnadar til prosjektstyring verken i Skodje eller i Voi. Kommunestyret i Skodje har vedteke at 15% stilling til dette arbeidet skal finansierast innan for sentraladministrasjonen si ramme.

**2: Fredskorpsutveksling**

Inntektene/prosjektmidlane frå Fredskorpset er knytt til eitt års prosjektoperiode. Desse fullfinansierer utvekslingsperioden, inkludert administrative utgifter til prosjektstyring i Skodje og i Voi. Dette omfattar og reisekostnader til partnerbesøk.

I dei høve vi har hatt partnerbesøk der lærarar har delteke, har skulane dekka eventuelle meirkstnadar innanfor si budsjettramme. Det vert ikkje ført eige rekneskap på dette, då det i hovudsak vert organisert utan innleige av vikar.

**Oppsummering:**

Skodje kommune har utgifter knytt til administrasjon av MIC prosjektet. Dette er sett 15 % stilling, og vert disponert til prosjektstyring i løpet av året, samt partnerbesøk .

Vikarutgifter kjem ikkje fram i prosjektrekneskapa. Bakgrunnen for dette er at vikar sjeldan vert nytta i denne samanheng.

Bente Glomset Vikhagen

Kontrollutvalet. Skodje, 05.11.2010

**Brev av 10.06.2010 frå talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka og skriftleg svar på dette brevet datert 21.01.2010.**

Sak 10/294
Skriftleg korrespodanse er som følgjer:

*Brev av 15.06.2009:*
*Frå talsgruppa for arbeidarane på Prestemarka*
*Gjør greie for sak 12/07, der det ble bedt om auke i aop frå kr 6,- til kr 10,- De fikk ei auke på kr 2,- til kr 8,-. De ber no om ei auke på kr 2,- til kr 10,-*

*2. Brev av 14.12.2009*
*Frå talsgruppa. Innspel i samband med budsjett 2010. Peker på at de ikkje har fått svar på brev over. Gir støtte til RFF, og opplys om krav over.*

*3. 21.01.2010 Svar frå Rådmannen. Beklager seint svar. Avslag på førespurnad om auke. Innkalling til møte 08.02.2010 for Rådmann, leiing ved Prestemarka og talsgruppa.*

*4. 02.02.2010 Frå talsgruppa.*
*Klage på saksbehandling. Sak ikkje lagt ved til behandling i kommunestyret. 6,5 mnd før svar frå Rådmann kom.*

*5. 22.04.2010 Frå Prestemarka.*
*Refererer frå møte av 08.02.2010. og avslag på førespurnad om auke i aop. Administrativ avgjersle på likevel å auke AOP med kr 1,- til kr 9,- gjeldande frå 01.05.2010. Dette vart gjennomført.*

Forvaltningsloven §11 seier at "Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold"

I denne saken gikk det over 6 mnd før det kom eit skriftleg svar. Ein må seie seg lei for at det gikk så lang tid. Ein vil likevel peike på at i tida mellom brev og svar har det vært ein del munnleg kontakt der saken har vært diskutert. Dette gjennom fleire telefonsamtalar og ved personleg møte.

Saka fekk si endelege avklaring 22.04 2010 etter noko korrespondanse og eit møte haldt den 08.02.2010.

**Skodje Kommunestyre**

**v/Rådmann Kjell Bjørdal**

**Rådhuset**

**6260 Skodje**

## Bed om lønsauke

**Arbeidarane ved Prestemarka Produkt og deira pårørande, har vore samla til årsmøte i Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt. Fram til 01.01.2007 hadde arbeidarane ei løn på kr. 6.00 pr. time. I brev av 05.10.06 bad arbeidarane om ein lønsauke på kr. 4.00 pr. time. Saka var til høyring både i Nfu og Rådet for funksjonshemma. Skodje kommunestyre gjorde vedtak i saka 24.04.07, i sak 12/07, og det vart gjeve ei lønsuke på kr. 2.00 pr. time. Dette vart gjort gjeldande frå 01.01.2007 og løna vart auka til kr. 8.00 pr. time. Årsmøtet vedtok slikt samrøystes vedtak:**

**Arbeidarane ved Prestemarka Produkt bed Skodje kommunestyre å ta saka om lønsjustering opp til behandling ved årets budsjett. Arbeidarane bed no om ein lønsauke på kr. 2.00 pr. time, til kr. 10.00 pr. time. Vi bed om at lønsauken skal gjelde frå 01.01.2010.**

**Nedreskodjevn. 1 – 6260 Skodje**

**For Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt**

**10.06.09**

| | | |
|---|---|---|
| **Paul Birger Tysnes** | **May Britt Haukeberg** | **Janne Lid** |
| **Styreleiar** | **For arbeidarane** | **Styremedlem** |

SKODJE KOMMUNE
7009/09 ADM KB
15 DES 2009
P 151 S
Sak nr: 09/784 Dok. nr.: 12

**INNSPEL I SAMBAND MED BUDSJETT FOR 2010**

**Til Skodje kommunestyre**

**Frå Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt.**

***Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt støttar innspelet frå Rådet for funksjonshemma ang. budsjett for 2010 for Skodje kommune, av brev datert 14.12.09 Talsgruppa vil sterkt understreke at tilbodet til kvar enkelt brukar går fram av enkeltvedtak, og at dette tilbodet ikkje kan reduserast utan at enkeltvedtaka også vert endra. Talsgruppa er uenig i at tilbodet til dei svakaste av dei svake, skal bli dårlegare enn det er i dag.***

***Arbeidarane ved Prestemarka Produkt v/Talsgruppa bad i brev av 10.06.09, til Rådmann Kjell Bjørdal om lønsauke frå 01.01.2010. Dette brevet har rådmannen enno ikkje svart på.***

***6260 Skodje 14.12.09***

| | | |
|---|---|---|
| ***Paul Birger Tysnes*** | ***Harald Nilsen*** | ***May Britt Haukeberg*** |
| ***Leiar*** | ***styremedlem*** | ***arbeidarane sin repr.*** |
| ***(sign.)*** | ***(sign.)*** | ***(sign.)*** |

# SKODJE KOMMUNE
**RÅDMANNEN**

Talsgruppa for arbeidarane v/Prestemarka produkt
v/Paul Birger Tysnes,styreleiar

Nedreskodjevegen 1
6260 SKODJE

| Vår ref | Sakshandsamar | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 09/433-11 | Kjell Bjørdal, 70 24 40 11 | | 153 | 21.01.2010 |

**SVAR - BED OM LØNSAUKE**

Syner til brev datert 10.06.09 og påminning i brev 14.12.09.
Vi seier oss lei for at svaret ikkje kjem før no.

Det vert bede om lønsauke for arbeiderane ved Prestemarka Produkt.
Prestemarka er eit dagtilbod til menneske med utviklingshemming. I dagtilbodet har vi fleire aktivitetstilbod fordelt på aktivitetar i dagsenteret, verkstad, gard, gartneri og "fargeskrinet".

Skodje kommune ynskjer å gje mennesker med utviklingshemming gode tilbod.
Aktivitetstilbod som skal vere meiningsfulle og retta inn mot trivsel og utvikling.

Dette er ikkje eit tilsettingsforhold med dei rettar og plikter som tilsette har i kommunen heimla i lovverket. Skodje kommune betalar ikkje løn til desse brukarane og det vert difor ikkje halde lønsforhandlingar. Dei som er aktivisert på Prestemarka utanom dagsenteret, har Skodje kommune over fleire år gitt ei arbeidsoppmuntring. Denne var lenge fastsett til kr.6,-. Frå 01.01.07 vart den auka til kr. 8,-. Vi kan ikkje, på det noverande tidspunkt, tilgodesjå arbeiderane på Prestemarka med auke i arbeidsoppmuntringa då vi har særdeles stramme rammer for alle driftseiningane i kommunen dette året.

Det er frå vår side ynskjeleg med eit møte med talsgruppa for arbeiderane v/Prestemarka produkt. Vi trur det vil vere nyttig for rådmannen, leiinga på Prestemarka og talsgruppa å utveksle synspunkt på dette vi no gir svar på og andre driftsmessige spørsmål.

Vonar at det kan vere av interesse og **kallar inn til møte mandag 8. februar kl 14:00** på Rådhuset.

Med helsing

Kjell Bjørdal
rådmann


| Postadresse | Sentralbord | Telefaks | E-post | Bankkonto | Kommunenr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6260 Skodje | 70 24 40 00 | 70 24 40 01 | postmottak@skodje.kommune.no | 3910.23.89682 | 1529 | 964980454 |

Skodje kommunestyre

v/Ordførar Modolf Hareide

Rådhuset

6260 Skodje

577/10. MOM.MOM. KB

09/433 12

## Klage på saksbehandling

Viser til vårt brev av 10.06.09, til Skodje kommunestyre v/Rådmann Kjell Bjørdal, der vi bed om lønsauke for arbeidarane ved Prestemarka Produkt, frå 01.01.10.

Den 09.12.09 møtte eg rådmannen i korridorane på Rådhuset, og etterlyste då svar på vårt brev. Rådmannen trudde då at det var svart på brevet, men skulle då undersøke dette nærare.

I samband med brev av 14.12.09 der Talsgruppa kom med innspel til busjettet for 2010, etterlyste vi nok ein gong svar på vårt brev av 10.06.09, og komm.styrerepr. Bjørn Nedreskodje spurte Rådmannen om svar på dette brevet. Rådmannen lovte at brevet skulle kome etter budsjettmøte 15.12.09.

Den 21.01.10 mottek vi så svarbrevet, 6,5 månader etter at vi første gong skreiv til Rådmannen.

Når ein ser på sakshandsaminga og saksgangen i denne saka, så meiner vi den ikkje er tilfredsstillande. Når vi skriv brev allereie 10.06.09, og bed om lønsauke frå 01.01.10, var det med tanke på å få lagt dette inn i budsjettet for 2010. Dette med å vere tidleg ute i lønsspørsmål har Rådmannen tidlegare påpeikt som viktig. Når vi etterlyste svar på brevet 09.12.09, og rådmannen trudde det var svart på, så kunne ikkje dette ha vore med i budsjettforhandlingane i det heile. Når så ikkje brevet følgde sakspapira til komm.styrerepr. til budsjettmøte 15.12.09, så hadde heller ikkje kommunestyrerepr. høve til å kommentere saka, endå brevet var stila til Skodje kommunestyre.

Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt bed no Ordførar Modolf Hareide ta fatt i saka, og sette den på sakskartet til Kommunestyremøte i februar 2010. Ordlyden i Talsgruppa sitt brev av 10.06.09 står ved lag.

Vedlegg:

1. Brev frå talsgruppa av 10.06.09.
2. Brev av 14.12.09.
3. Brev av 21.01.10 frå rådmann Kjell Bjørdal.

*Kopi av dette brev med vedlegg er sendt til:*

*Kontrollutvalet i Skodje Kommune v/Vigdis Trulsen Bye*

*Rådmann Kjell Bjørdal*

*6260 Skodje 02.02.10*

*Med helsing*

*For talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt*

| | | |
|---|---|---|
| *Paul Birger Tysnes* | *Harald Nilsen* | *May Britt Haukeberg* |
| Paul Birger Tysnes *leiar* | *styremedlem* | *arbeidarane sin representant* |

**SKODJE KOMMUNE**
**RÅDMANNEN**

Talsgruppa for arbeidarane v/Prestemarka produkt
v/Paul Birger Tysnes,styreleiar

Nedreskodjevegen 1
6260 SKODJE

| Vår ref | Sakshandsamar | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 09/433-11 | Kjell Bjørdal, 70 24 40 11 | | 153 | 21.01.2010 |

## SVAR - BED OM LØNSAUKE

Syner til brev datert 10.06.09 og påminning i brev 14.12.09.
Vi seier oss lei for at svaret ikkje kjem før no.

Det vert bede om lønsauke for arbeiderane ved Prestemarka Produkt.
Prestemarka er eit dagtilbod til menneske med utviklingshemming. I dagtilbodet har vi fleire aktivitetstilbod fordelt på aktivitetar i dagsenteret, verkstad, gard, gartneri og "fargeskrinet".

Skodje kommune ynskjer å gje menneskar med utviklingshemming gode tilbod.
Aktivitetstilbod som skal vere meiningsfulle og retta inn mot trivsel og utvikling.

Dette er ikkje eit tilsettingsforhold med dei rettar og plikter som tilsette har i kommunen heimla i lovverket. Skodje kommune betalar ikkje løn til desse brukarane og det vert difor ikkje halde lønsforhandlingar. Dei som er aktivisert på Prestemarka utanom dagsenteret, har Skodje kommune over fleire år gitt ei arbeidsoppmuntring. Denne var lenge fastsett til kr.6,-. Frå 01.01.07 vart den auka til kr. 8,-. Vi kan ikkje, på det noverande tidspunkt, tilgodesjå arbeiderane på Prestemarka med auke i arbeidsoppmuntringa då vi har særdeles stramme rammer for alle driftseiningane i kommunen dette året.

Det er frå vår side ynskjeleg med eit møte med talsgruppa for arbeiderane v/Prestemarka produkt. Vi trur det vil vere nyttig for rådmannen, leiinga på Prestemarka og talsgruppa å utveksle synspunkt på dette vi no gir svar på og andre driftsmessige spørsmål.

Vonar at det kan vere av interesse og **kallar inn til møte mandag 8. februar kl 14:00** på Rådhuset.

Med helsing

Kjell Bjørdal
rådmann

| Postadresse | Sentralbord | Telefaks | E-post | Bankkonto | Kommunenr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6260 Skodje | 70 24 40 00 | 70 24 40 01 | postmottak@skodje.kommune.no | 3910.23.89682 | 1529 | 964980454 |

# SKODJE KOMMUNE
**Prestemarka bu- og dagtilbod**

Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka
v/ Paul Birger Tysnes

6260 SKODJE

| Vår ref | Sakshandsamar | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 09/433-13 | Kari Tidemann, 70 24 48 90 | | 153 | 22.04.2010 |

**VEDR SPØRSMÅL OM ARBEIDSOPPMUNTRINGSPENGAR**

Visar til møte 08. februar 2010. Der vart spørsmålet om auke i arbeidsoppmuntringspengar til arbeidarane ved Prestemarka tatt opp. Til stades for Skodje kommune var rådmann Kjell Bjørdal og einingsleiar ved Prestemarka, Kari Tidemann. Talspersonar for arbeidarane var representert ved May Britt Haukeberg, Harald Nilsen og Paul Birger Tysnes.

Talspersonane ønska at arbeidsoppmuntringspengane skulle stige til kr 10,- pr time. Dette vart avslått i møtet.

Seinare har ein tatt ei administrativ avgjersle om å auke timeprisen med kr 1,- pr time frå 01. mai 2010. Dette er ei auke på 12,5%. Nivået på arbeidsoppmuntringspengar i Skodje kommune ligg høgt samanlikna med nærliggande kommunar.

Med vennleg helsing

Kari Tidemann

Einigsleiar


| Postadresse | Sentralbord | Telefaks | E-post | Bankkonto | Kommunenr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6260 Skodje | 70 24 40 00 | 70 24 40 01 | postmottak@skodje.kommune.no | 3910.23.89682 | 1529 | 964980454 |



Haram, Ørjan
<Orjan.Haram@nav.no>
09.09.2010 13:21

Til '"harald.rogne@kontrollutvalg.no"' <harald.rogne@kontrollutvalg.no>
cc 'Kjell Bjørdal' <Kjell.Bjordal@skodje.kommune.no>
bcc
Emne Svar: Sosiale ytingar i Skodje kimmune sak frå 2009

Hei Harald

Må berre beklage at eg ikkje har å ferdigstillt denne saka tidligare. Blei purra av rådmannen. Eg har sett mykje på dette og syns det er har vore vanskeleg å uttale seg.

Tenker at det er viktig at vi får til eit godt internkontrollsystem for sosiale ytingar i NAV Storfjorden for alle dei 4 kommunane (likt system). Førespurnaden frå kontrollutvalet har uten tvil vore til stor hjelp i dette arbeidet.

Kan du sjå på det eg har skreve og gi meg ei tilbakemelding på om det er greit?

På førehand takk

Mvh

Ørjan Haram
Leiar NAV Storfjorden

Kontrollutvalet Skodje kommune sos.doc

Til Kontrollutvalet i Skodje kommune
V/ Harald Rogne, Kontrollutvalssekriteriatet
Kommunerevisjonen distrikt nr 3

**Tilsvar vedk. utbetalingar etter Lov om sosiale tenester**

Viser til samtalar vedk. vedtak i kontrollutvalet 02.03.09 og 02.11.09, der utvalet bed om rapport vedk. utvikling og praktisering i utbetaling av sosialhjelp. Må berre beklage at eg ikkje har ferdigstilt dette tidligare.

Viser også til tidlegare sosialleiar Marit Heggen Stokke sitt tilsvar, (udat.) der ho beskriv utviklinga av utbetalinga av økonomisk sosialhjelp i kommunen. Etter det eg forstår har kontrollutvalet i tillegg etterspurt korleis ein praktiserer/handterar utbetaling av sosialhjelp.

Korleis praktiserar vi utbetaling av sosialhjelp for Skodje kommune? Det er vanskeleg for meg å gi svar på korleis situasjonen var i 2009 før etableringa av NAV Storfjorden. Som leiar i NAV Storfjorden har eg fått i oppdrag å gi svar på dette.

NAV Storfjorden blei etablert hausten 2009 (Skodje kommune blei ein juridisk part i NAV Storfjorden 16.09.09). NAV Storfjorden er eit interkommunalt NAV-kontor (etter § 27 i Kommunelova) for kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal.

Litt historikk:
I budsjettvedtak 2008 vedtok kommunestyret å fylgje statleg norm for sosialhjelpsutbetaling, noko som utgjorde svak auke i einskildsatsane i utbetalinga. Det kom fram under budsjettmøte at kommunen ved slik auke burde kunne redusere bruk av andre økonomiske tilleggsytingar.

Kommunen nyttar Kostra som økonomistyringssystem og der skil ein ikkje mellom type utbetaling men nyttar art 1470 som fellespost for utbet. etter § 5.1 og 5.2 - bidrag, (i ny lov § 18 og 19). I kva grad tidlegare einingsleiarar har utøvd skjønnet ved utbetaling av sosialhjelp kan eg som leiar av NAV Storfjorden ikkje svare for, dette er faglege vurderingar som er delegert leiar for tenestene.

Det har vore utarbeidd interne prosedyrar for sosialtenesta som tek i vare kommunen sine plikter i høve Lov om internkontroll i helse- og sosialtenesta. Om dei blei følgt opp i kommunen fram til 16.09.09 kan ikkje eg gi svar på.

Kommunen nyttar som nemnt statlege rettleiande normer for sosialhjelp. Normene skal sikre brukarane eit minste grunnlag til livsopphald og er utarbeidd for å sikre at kommunane ikkje nyttar lavare satsar til dette.
Generelt kan det seiast at **§ 5.1** (frå 1/1 -10 § 18 i ny Lov som sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga) vert brukt når brukaren sine inntekter sett i høve til utgiftene vert mindre enn det som norma tilseier. Mellomlegget mellom det faktisk disponible og det norma tilseier vert då den pliktmessige ytinga til sosialhjelp.

Staten sine veiledande retningsliner omfattar utgifter til løpande dagleg livsopphald som mat og drikke, kle og sko, hushaldningsartiklar og hygiene, TV-lisens, avis og telefon, fritidsaktivitetar, fritidsutstyr til barn og reiseutgifter.
I tillegg skal ein rekne utgifter til bustad, straum og oppvarming, bustad- og innbuforsikring.

Kvar søknad skal individuelt vurderast, då det kan vere avvik grunna særskilde forhold som fysisk og psykisk helse, dårleg bustandard, arbeidsløyse og andre teljande faktorar, evt. kan ein kombinere vedtaksheimlinga i same vedtaket for ein brukar.

**§ 5.2**, (no § 19) seier at kommunen i særskilte tilfelle kan yte økonomisk sosialhjelp sjølv om vilkåra for bruk av § 5.1 (§18) ikkje er tilstades for å hjelpe personar til å overvinne eller tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon.
Denne § vert brukt som vedtakheimling i tilfelle der brukaren eller familien har ekstra utgifter som t.d. konfirmasjon, ved høgtider eller har ekstra utgifter elles til bustad eller andre naudsynte ting. Ved igangsetjing av tiltak etter kap. 4 i Lov om sosiale tjenester, som omhandlar tenesteytinga, kan ein gjere vedtak etter denne § for å dekke utgifter som bidrar til å halde i gang tiltaket, som dekning av reiseutgifter og betaling av aktivitet.
Med utgangspunkt i at lova gjeld "for den som ikke kan dra omsorg for seg selv" så kan ein også bruke denne § i tidsavgrensa periodar for å setje personen eller familien i stand til å bli sjølvhjelpte.
Slike avgjerder/tiltak er sosialfagleg vurderte, og skal vere kortvareg og målretta.

**§ 5.3**, no § 20 i ny lov, seier at ein kan setje vilkår for tildeling av økonomisk stønad. Det å setje vilkår i det ein gir ei pliktmessig økonomisk yting til brukaren er utfordrande. Mange aspekt må vurderast; det etiske, det hensiktsmessige, formålet. I utgangspunktet er det ikkje lov å legge ned trekk eller setje vilkår til pliktmessig yting, men det vert gjort i nokre tilfelle der ein vurderer saman med brukaren at det vil vere formålstenleg med aktivitet eller sysselsetjing.

I samband med etablering av NAV Storfjorden har økonomisk sosialhjelp som teneste blitt delegert til leiar i NAV Storfjorden. Som nemnt tidligare har det frå 01.01.10 kome ny lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltninga.

I NAV Storfjorden , Skodje arbeidar vi med ein gjennomgang av både rutine og prosedyre for handtering av (praktisering) av Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdforvaltninga. (Vi er i ein evalueringsprosess pga at vi har snart vore i drift i eit år).

/nav// Storfjorden

I veldig grove trekk handlar "internkontrollen" om at ein søknad om sosialhjelp skal diskuterast i kontoret (saksdrøft) før nokon lagar ei innstilling (av rettleiar) som til slutt skal godkjennast/avslåast av meg som leiar av NAV Storfjorden. Deretter anvise leiar ytingar ved innvilging. Prosedyren inneber at det er/skal vere i det ein toledda prosess – rettleiar som skriv innstilling og leiar som avgjer.

Veit ikkje om dette er eit svar som gjer dykk tilfredse.....

Avslutningsvis vil eg poengtere at internkontrollen (som er under utvikling/presisering) etter denne loven (§ 5) er viktig i NAV Storfjorden. Vi har same internkontroll for dei 4 kommunane, noko som og gir oss ein felles fagleg plattform for dei vurderingane vi gjer og ikkje minst det vil skape tryggleik/rettssikring av den einskilde brukar at vi er fleire om å gjere vurderingane. (Det er sjølvsagt fleire fordelar med NAV-kontoret knytt til heilskapeleg tilnærming – men det er ein anna diskusjon).

Med helsing

Ørjan Haram
Leiar NAV Storfjorden

Kopi: Rådmann Kjell Bjørdal

**SUNNMØRE**
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 16.02.2011

**SAK 04/11**
**SELSKAPSKONTROLL -ØRSKOG ENERGI AS**

Som vedlegg følgjer:

- Rapport av 30.11.2010 med vedlegg vedkomande gjennomført selskapskontroll for Ørskog Energi AS

I rapporten er det m.a.gjort greie for Skodje kommunestyre sitt vedtak av 12.09.2006 og lovheimel for kontrollen.

Rapporten som no ligg føre gir etter mi oppfatning ei nyttig oppsummering av selskapet sine aktivitetsområde og utfordringar. I dette materialet finn ein og samanhengen mellom dette, og ulike andre, selskap med tilknytning til kommunen.

Skodje kommune bør nytte dette særlege høvet til å setje selskapsstyring gjennom eigarskap på sakskartet. Det er såleis å vone at materialet kan kome administrasjonen og dei politisk folkevalde til nytte i utforminga av ein tenleg eigarstrategi for dette selskapet. Ei ekstra utfordring ligg i at fleire kommunar direkte og indirekte har eigardelar i det same selskapet.

På same måten er det intensjonen at gjennomgangen skal utløyse debatt, vurderingar og konklusjonar som selskapet sjølv på lengre sikt kan ha nytte av.

Selskapskontrollen konkluderer med anbefalingar til tiltak og Kontrollutvalet i Skodje finn å ville slutte seg til desse. Mest sentralt synes det å vere at kommunen no utarbeider ei **eigarskapsmelding** som dekkjer dette selskapet. Dette krev at kommunen, gjerne med tanke på samarbeid med dei to andre eigarkommunene, går igjennom rapporten med tanke på planlegging av tiltak og **etablering av rutinar** for å sikre god politisk styring med eigarinteressene.

På bakgrunn av ovanstående og det som no ligg føre legg ein saka fram med forslag om slik

**innstilling:**

Skodje kommunestyre viser til rapport for utført selskapskontroll for Ørskog Energi AS og ber administrasjonen legge fram plan for utarbeiding av eigarskapsmelding som eiga sak.

Harald Rogne
dagleg leiar